

**Vassendgutane til Dønhaug fjorde gongen!**

03.05.2010

**Fredag 14. mai blir det låvedans/konsert på Dønhauglåven.****Ingen ringare enn Vassendgutane vil stå for musikken.****Dette er fjorde året på rad at dette populære bandet vitjar Dønhaug, noko som gjestane har vist å setja pris på.**

Dei har før samla fullt hus, og dei føregåande åra har alle billettane vore selde ut på førehand. Også i år er førehandalet allereie godt i gang, og dei som har tenkt seg ut denne kvelden bør difor sikra seg billettar på førehand.

Gruppa er velkjend for dei aller fleste og er like populær både hjå den yngre og den eldre garde. Bandet har dei siste åra vore eit av Noregs mest populære, og samlar fulle husder dei opptrer. Ingen band i Norge kan visa til eit liknande besøkstal som Vassendgutane har.

Musikken kjem innunder fest/country-sjangeren, med tekstar henta frå lokalmiljøet og framførd på ekte Møre-dialekt. Dei reiser rundt med ein framifrå lyd og lysproduksjon, som bidrar til ein unik konsert/danseoppleveling.

Høg allsangfaktor gjer at publikum nesten føler seg som ein del av bandet. Og tekstane kan dei fleste utenat. På låvedans med gutane kan du forventa å høyra låtar som "Ungkar med dobbelseng", "Silikon i tatti", "Hytta mi", "Granada" og "Siste dansen"

Som vanleg vil det bli sett opp bussar både innover og utover i kommunen etter at arrangementet er slutt.

For meir informasjon viser me til [www.vassendgutane.no](http://www.vassendgutane.no), [www.donhaug.com](http://www.donhaug.com).

Magne Huglen